

## Fråsegner til fylkesårsmøtet

1. E39 gjennom Sveio – Sveio Venstre
2. Det grønne skiftet – Masfjorden Venstre
3. Einskildmennesket sine utfordringar når helsa sviktar - Vestland Venstrekvinnelag
4. Styrk valdsutsatte – Vestland Venstekvinnelag
5. Formueskatten - Gunhild Berge Stang (Fjaler Venstre), Tor Andre Femtehjel (Bergen Venstre), Jacob Nødseth (Kinn Venstre) og Alfred Bjørlo (Stad Venstre/stortingsrepresentant)
6. Fråsegn om kraft og verdiskaping - Askvoll Venstre, Fjaler Venstre, Sunnfjord Venstre, Alfred Bjørlo
7. Moderne lærebøker for moderne tider – Sogndal Venstre
8. Betre tilskotordningar til eigenorganisert aktivitet – Sogndal Venstre
9. Eit løft for kulturlivet – Sogndal Venstre
10. Nasjonalt forbod mot sal av fyrverker til private – Askøy og Øygarden Venstre
11. Israels overgrep mot Palestina må stanses nå! - Ullensvang Venstre, Bjørnafjorden Venstre, Aurland Venstre, Kvam Venstre, Bergen Venstre
12. Stans naturtapet - Bergen Venstre, Voss Venstre, Ullensvang Venstre, Øygarden Venstre, Kvam Venstre, Kommunestyregruppen i Alver Venstre
13. Rus og psykiatri - Gard Aasmund Skulstad Johanson, Gunn-Vivian Eide, Ingrid Nergaard Fjeldstad, Grete Line Simonsen og Geir Kjell Andersland
14. Ferie-SFO bør være en lovfestet rett – Bjørnafjorden Venstre
15. Venstre ønsker ein plan for utflytting av 5000 statlege arbeidsplasser frå Oslo – Ingrid Nergaard Fjeldstad og Atle Hamar
16. Nordfjordbrua er sentral for utvikling av Nordfjord som bu- og arbeidsmarknadsregion – Stad Venstre
17. Vern og bevaring av Vestlandet sin kulturarv – Stad Venstre
18. Reinsekrav tar knekken på kystbyane – Stord Venstre
19. En effektiv utviklingspolitikk – en investering i vår felles fremtid – Vestland Unge Venstre
20. Veien til fornybarsamfunnet - Vestland Unge Venstre
21. Vi trenger et åpenhetsløft – Vestland Unge Venstre
22. Kvinnehelse i skulen – Vestland Unge Venstre
23. En trygg og inkluderende russetid - Vestland Unge Venstre
24. Betre kollektiv i distriktet – Vestland Unge Venstre
25. Elfly rute mellom Bergen og Førde - Vestland Unge Venstre
26. Legg ned Sogndal og Sandane Lufthavn – Vestland Unge Venstre

### Etter fristen:

27. Manglande kontroll med offentleg ressursbruk – eit alvorleg samfunnsproblem – Aurland Venstre
28. Regjeringssamarbeid – Aurland Venstre
29. Ukraina sin kamp er også Norge sin kamp – Nikolai Valvik, Kinn Venstre

1 **1. E39 gjennom Sveio – Koste kva det koste vil?**

2 Framlegg frå Sveio Venstre

3

4 Statens vegvesen er i gong med planarbeidet for E39 Bokn-Bømlafjorden. Store  
5 samferdselsprosjekt som dette er ofte utfordrande og konfliktfylte, og ein opplever at  
6 interesser knytt til klima, natur/miljø, kulturmiljø og bumiljø kan verte sett opp mot  
7 kvarandre. Statens vegvesen føreslår to traséalternativ, og i Sveio vert utbygging av begge  
8 desse alternativa å medføre massive inngrep i ålmenne verdiar og bumiljø rundt bygdane  
9 Førde og Valestrand.

10 Meir fokus på tunneløysingar i alternativa kan syte for at negativ påverknad og konsekvens  
11 knytt til natur- og kulturmiljø, samt bumiljø, som følgje av ny E39 gjennom Sveio vert  
12 redusert mest mogleg. Om Noreg skal gjennomføre eit nasjonalt samferdselsprosjekt med eit  
13 så stort omfang, og med ei levetid på 100+ år, så treng ein ikkje å samstundes utradere heile  
14 lokalsamfunn på vegen.

15

16 Vestland Venstre vil vera tydelege på at levande lokalsamfunn skal vega tungt i  
17 alternativvalet, og at økonomiske kostnadar skal vera sekundært når ein skal realisere  
18 «varige» samferdselsprosjekt. Sosial og miljømessig berekraft må vega meir enn økonomisk  
19 berekraft.

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

44

45

46

47

48

49

50

1 **2. Det grønne skiftet**

2 Fråsegn frå Masfjorden Venstre

3

4 Vestland Venstre seier nei til vindkraftprosjekt på land, der det er openberr konflikt med  
5 lokalsamfunn eller der det går utover viktige lokale, regionale eller nasjonale verneverdiar.  
6 Det akutte behovet for meir energi må dekkast på andre måtar, og ta omsyn til busetnad, natur  
7 og økosystem. Kraftleidningar bør leggjast i kabel for å unngå store inngrep i natur og  
8 lokalsamfunn

9

10 Vestland Venstre ynskjer større satsing på bioenergi og opprusting av eksisterande  
11 vasskraftannlegg. Havvind, bergvarme og solceller kjem til å bli viktige i arbeidet med  
12 fornybar energi. Dette vil og kunne gje større vekst i distrikta, der energi vert skapt og brukt  
13 på same stad.

14

15 Vestland Venstre ynskjer sterkare enøkufokusering i kommune –Noreg, der kommunar med  
16 enøktiltak vert premierte gjennom statlege ordningar.

17

18

19

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

44

45

46

47

48

49

50

### 1 **3. Einskildmennesket sine utfordringar når helsa sviktar**

2 Framlegg frå Vestland Venstrekvinnelag

3

4 Arbeidslinja står sterkt i Noreg, både i fagrørsla og blant mange politikarar.

5 Det er stor semje om at velferdsordningar skal sikra den som vert sjuk eller fell utanfor

6 arbeidslivet, men at det skal lønne seg å arbeide viss du kan. Dette er gode og viktige

7 prinsipp.

8

9 Mange opplever dessverre ikkje alltid at det er slik. Fleire står fram i media og på nettet og

10 fortel om møte med bl.a. NAV som vonde og vanskelege.

11

#### 12 **Arbeidsavklaringspengar (AAP)**

13

14 Dersom ein har vore sjukmeld i eit år og framleis er sjuk, så vil ein kunna motta

15 arbeidsavklaringspengar. Hovudregelen er at ein skal vera «avklart» i løpet av tre år.

16 Mange er ikkje ferdig avklara etter 3 år, og Nav kan forlenge denne perioden, dersom dei

17 meiner du må avklarast lengre. Det høyrest bra ut, men å stå i ein slik lang avklaringsprosess

18 er vanskeleg for dei fleste og dei sjuke vert belasta med ytterlegare stress.

19 Regjeringa Solberg innførte eit karensår dersom ein ikkje var avklart til jobb eller uføretrygd

20 etter tre år. Etter karensåret kunne ein på ny søkje og få innvilga AAP.

21 Mange opplevde krevjande tider utan inntekt i dette karensåret. Sosialhjelp vart redninga for

22 nokon. Mange måtte óg selje unna verdiar for å kunna klare seg på det minimum av økonomi

23 dei hadde til rådvelde.

24

25 Støreregjeringa har tatt vekk karensår, men har behalde treårsregelen. Dersom ein tener

26 pengar, vert desse trekt krone for krone i AAP. Du har ikkje lov å være i nokon form for

27 aktivitet, ei heller politisk. Då reagerer Nav med å seie at du ikkje oppfyller vilkåra og finn

28 noko dei kan bruke mot deg. Det er så og seie krav om være i 0 aktivitet så lenge du er på

29 AAP og har ein ufør søknad inne som kan ta 9 månadar å få svar på.

30

31 Nav gir difor eit uformelt krav som gjer at einskilde menneske sin yringsfridom og val om

32 aktivitet innsnevrast i ein tidsperiode. Denne tidsperioden er snitt er 10,5 år! Det tek 10,5 år å

33 verte ufør i Nav systemet, sjølv om du ikkje hadde trengt å gå meir en 3 år. Nav kan stoppe

34 utbetaling og gi avslag på Ufør - sjølv om du er ferdig avklara og har fått ein 100 % AEV. Nav

35 forvaltning, som avgjer om du får trygd eller ikkje på bakgrunn av AEV- har egne advokatar

36 og legar som ser på medisinsk dokumentasjon, der dei prøver å finne noko dei kan bruke mot

37 deg slik at du ikkje vert ferdig avklara. Slik tel dei tiltak og vedtak og det er matrisen til Nav,

38 og difor er nav eit system som tek omsyn til sysselsetting og ikkje det einskilde sjuke

39 menneske sitt behov for tryggleik og sikker økonomi når du vert sjuk.

40

#### 41 **Avklaring**

42

43 Ein person under avklaring skal prøve ut ulike behandlingsformer og arbeidspraksis.

44 Ein del sjukdomar er óg vanskeleg å diagnostisera, særleg gjeld dette ein del

45 kvinnesjukdomar. For mange kan dette bety at dei etter tre år framleis ikkje er avklart. Dei

46 opplever at det er ventetid på behandling, og kø for tilbod om praksisplassar.

47 Meldekort må leverast kvar 14. dag. Mange kan vere svært lenge i tiltak, då Nav forlengjer

48 AAP sjølv om du er avklart, spesielt om du er i eit frivillig verv. Då vert du ikkje trudd sjølv

49 om du er avklara av eit uavhengig organ gjennom A2G.

1 Dette vert opplevd som å vere i ei kvern som mel sakte, som slit ein ut, aukar bekymring for  
2 framtida og medfører at ein vert sjukare. Det kan og bety mange vonde møte med NAV, der  
3 sakshandsamar ofte har lite å tilby.

4  
5 Dersom ein søkjer om uføretrygd, vert søknaden avgjort av NAV forvaltning. Tilsette i dette  
6 organet møter ikkje søkjaren. Det er ei rein skrivebordsavgjerd. Avgjerda byggjer mykje på  
7 korleis saka er utgreia. NAV sin sakshandsamar har ei viktig rolle her. Det same gjeld retten til  
8 trygd.

9  
10 I ein uføresøknad kan det óg bli lagt vekt på om du klarar å vere litt aktiv i til dømes frivillig  
11 arbeid. Om du er registrert i slikt arbeid, vert søknaden avslått og du får ikkje AAP lenger og  
12 vert såleis sosialklient, og må søkje sosialstønad i påvente av en ny AAP runde, som kan ha  
13 opptil 16 vekers behandlingstid.

## 14 15 **Systemet sin verknad på helsa**

16  
17 Mange som har vore i dette systemet over tid fortel om utmatting, stress og utryggleik for kva  
18 neste vedtek inneheld. Sjølvordstankar er heller ikkje uvanleg. Forsking viser at det å vere i  
19 ein vanskeleg økonomisk situasjon over tid aukar sjølvordsfaren.

20 Det er ikkje vanskeleg å forstå at det tar på å ha det slik, og at ein faktisk kan verte sjukare  
21 enn før, både fysisk og psykisk.

## 22 23 **Restarbeidsevne**

24  
25 Mange som vert innvilga uføretrygd er helse- og sosialarbeidarar; ein fagkompetanse det er  
26 skrikande trong for.

27  
28 Kommunar og helseføretak gjer seg stor bruk av dyre vikarbyrå for å dekkje «tomme»  
29 vakter. Mange helse- og sosialarbeidarar med uføretrygd kunne gjort seg nytte av  
30 restarbeidsevna om det vert lagt til rette for det. Men det har dei lite igjen for. Ved bortfall av  
31 barnetillegg kan også reduksjonen i trygd verte større enn det inntekta utgjer. Ingen vil jobbe  
32 gratis, sjølv ikkje den som er ufør.

## 33 34 **Vestland Venstre vil**

- 35 • setje ned ei arbeidsgruppe i Venstre som vil sjå nærmare på AAP-/uføresystemet. Det  
36 må jobbast aktivt for å ta vare på det einskilde menneske, gjere vegen attende til arbeid  
37 enklare, og gjere møtet med det offentlege betre når ein av ulike grunnar ikkje kan  
38 arbeide.
- 39 • endre regelverket, slik at ein kan stå i sjukmelding ut over eit år om ein har vore  
40 gradvis sjukmeld. Slik aukar vi incentiva til å jobbe, samtidig som det blir mindre  
41 stressande å verre sjuk.
- 42 • auke fribeløpet til 1G. Fleire vil då nytte si restarbeidsevne i ei tid der det er mangel på  
43 arbeidskraft.
- 44 • auke fribeløpet i barnetillegg. Dette vil bidra til å minske barnefattigdom
- 45 • at Venstre må kreve i regjeringsforhandlinger at karensår ikkje gjeninnførast
- 46 • ha raskare avklaring, gjeninnføre midlertidig uføretrygd. Ein slepp stress med  
47 meldekort, og får ein føreseieleg økonomi.
- 48 • tillate frivillige verv som gir inntekt inntil eit visst tak.
- 49 • at NAV lokalt må kunne avgjere f.eks. arbeidsavklaringspengar.

1  
2  
3  
4  
5  
6  
7  
8  
9  
10  
11  
12  
13  
14  
15  
16  
17  
18  
19  
20  
21  
22  
23  
24  
25  
26  
27  
28  
29  
30  
31  
32  
33  
34  
35  
36  
37  
38  
39  
40  
41  
42  
43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50

- ha tettare oppfølging slik at ein kjenner seg trygg på at ein er i eit system som er til for seg.
- auke kompetansen i NAV, og innføre tiltak som sikrar god handsaming av alle saker, uavhengig av kven som er sakshandsamar.
- at ein må kvalitetssikre kva kompetanse ein krev av tilsette i NAV.
- legge press på Riksrevisjonen og be dei sjå nærare på AAP-ordninga, ha større eigenkontroll på feltet og opplyse Stortinget om funn og anbefalte tiltak

#### 1 **4. Styrk valdsutsette si rettsstilling i lovverket!**

2 Framlegg frå Vestland Venstrekvinnelag

3

4 Vald og mishandling er ein trussel mot folkehelsa. I 2019, ifølgje SSB, vart 33.000 ulike  
5 personar registrert som offer for ulike typar vald og mishandling. Ikkje alle desse sakene har  
6 ein gjerningsperson som er i stand til å betale erstatning til offeret, og dette er grunnen til at vi  
7 i Norge har ei ordning med valdsoffererstatning, på denne måten kan fleire menneske som er  
8 offer for slik kriminalitet, få ein økonomisk kompensasjon for kriminaliteten dei har vore  
9 utsett for. Det å bli utsett for vald heng saman med redusert arbeidsevne og auka førekomst av  
10 sjukdom og skade, fysisk og psykisk. Ein kompensasjon kan medføre ein lettare situasjon for  
11 offeret på vegen vidare.

12

13 Den nye valdserstatningslova kom i kraft 1.1.2023, og med den har vi fått store endringar i  
14 retten til valdserstatning. Desse endringane er ikkje utan vidare forbetringar av situasjonen til  
15 valdsutsette, og Vestland Venstre er av denne grunn uroa for at situasjonen til valdsutsette  
16 ikkje er betra, men derimot er gjort vanskelegare og svakare.

17 Dei valdsutsette sitt personvern vert utsett for eit stort press. Den ein hevdar er  
18 gjerningsperson, den som ein tenkjer står bak valdsutøvinga, er i den nye lova gjort til part i  
19 saka. Det å vere part medfører at ein får krav på innsyn i saksopplysningane som skal vere  
20 grunnlaget for erstatningskravet. Med dette kan vedkommande få innsyn i opplysningar som  
21 kan vere svært personlege og sensitive for den valdsutsette, dette kan til dømes vere  
22 helsejournalar og historikk på sjukmeldingar. Opplysningane vert sendt digitalt til påstått  
23 gjerningsperson, gjennom systemet Digipost, noko som medfører tilgang til sjølve  
24 dokumentet, med risiko for vidareformidling og med det, nye overgrep.

25

26 Ein annan konsekvens av den nye valdserstatningslova er at det det færre former for vald som  
27 gjev grunnlag for erstatning, samanlikna med tidlegare lovgjeving. Kroppskrenkingar, truslar  
28 og personforfølging er døme på vald som ikkje lenger gjev grunnlag for valdserstatning.  
29 Vidare har valdsutsette også fått kortare frist enn før, på å krevje erstatning. Dette medfører ei  
30 svekkinga av den rettslege posisjonen til valdsofferet, då det er lettare enn før å overskride ein  
31 frist. Ikkje alle har tilgang på kunnskap om slike fristar heller.

32 Som oppsummering kan ein seie at regelverket har vorte meir komplisert, og den valdsutsette  
33 har heller ikkje lenger krav på gratis advokatbistand ved fremming av krav om  
34 valdserstatning. Og desse reglane gjeld faktisk på akkurat same for barn som har vore utsett  
35 for vald og som søker erstatning.

36

37 Alt dette gjer at valdserstatningsordninga fungerer dårlegare enn før.

38

39 Vestland Venstre vil difor:

- 40 • at styresmaktet skal sjå på valdsoffererstatninga på nytt, med kritiske auge
- 41 • at personvernet til den valdsutsette blir styrka, slik at personleg informasjon ikkje blir
- 42 spreidd
- 43 • at vi igjen får på plass ei betre ordning med gratis advokat, retts hjelp er viktig.

44

45

46

47

48

49

50

## 1 **5. Formuesskatten på arbeidande kapital må fjernast**

2  
3 Framlegg til politisk uttale frå fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 2024

4 Forslagsstillarar: Gunhild Berge Stang (Fjaler Venstre), Tor Andre Femtehjel (Bergen  
5 Venstre), Jacob Nødseth (Kinn Venstre) og Alfred Bjørlo (Stad Venstre/stortingsrepresentant)

6  
7 Formueskatt på arbeidande kapital fører med seg ei rekke uheldige konsekvensar, og det  
8 stadig aukande skattetrykket på norskeigde bedrifter skaper utfordringar for mange.

9  
10 Formueskatt på arbeidande kapital er ein skatt som påleggast verdien av eigendelar som er  
11 bunde i verksemda, som for eksempel utstyr, maskiner, inventar og liknande. Også verdien av  
12 nærings eigedom vert rekna inn her. Skatten vert kravd inn uavhengig av overskot eller under-  
13 skot i bedrifta. Utanlandske og statlege eigarar betalar ikkje formueskatt på arbeidande  
14 kapital. Dette gir ulike konkurransevilkår og medfører at norske bedrifter i aukande grad blir  
15 seld til utanlandske eigarar.

16  
17 Spesielt er det eigarane av små og mellomstore bedriftene som ofte må betale ein betydeleg  
18 sum i formuesskatt, sjølv når dei ikkje har tilstrekkeleg likviditet til å dekke dette. Vidare kan  
19 formuesskatten påverke eigarane sine insentiv – og moglegheiter – til å reinvestere i bedrifta,  
20 då dei kan verte nøydd å ta ut midlar frå bedrifta for å betale skatten i staden for å kunne  
21 investere i vidare vekst og utvikling.

22  
23 Formuesskatten hemmar gründerskap og innovasjon i nye selskap, då det vert færre som har  
24 moglegheit å vere investorar, samtidig som ein blir skattlagt for verdi i ei bedrift før ein byrjar  
25 å tene pengar. Kapital for investering og nyskaping forsvinn, og det same gjer kompetansen.  
26 For at Noreg skal kunne nå sine klima- og berekraftsmål, må vi spele på lag med næringslivet.  
27 Då treng næringslivet gode rammevilkår. I staden opplever dei at formuesskatten på arbeidande  
28 kapital reduserer den eigenkapitalen som bedriftene er avhengig av for å skaffe finansiering til  
29 dei nødvendige investeringane.

30  
31 Noreg tapar skatteinntekter på at norske bedrifter vert seld til utanlandske eigarar. Lokale ei-  
32 garar gir ei større trygghet for at arbeidsplassane vert verande i Noreg, og det er også viktig  
33 for frivillige lag og organisasjonar å ha eit lokalt næringsliv som ser verdien av og har  
34 moglegheita til å støtte lokale fritidstilbod.

35  
36 Vestland Venstre meiner at formuesskatten på arbeidande kapital må fjernast. Ved å innføre  
37 alternative og meir rettferdige og treffsikre tiltak for skattlegging, meiner vi at den samla  
38 innteninga til staten kan bli vel så god om ikkje høgare. Til dømes kan ein vurdere å auke  
39 selskapsskatten.

40  
41  
42  
43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50



1 **6. Det grøne skiftet krev handling frå regjeringa, ikkje ansvarsfråskrivning til Statnett**

2  
3 Framlegg frå Askvoll Venstre, Fjaler Venstre, Sunnfjord Venstre, Alfred Bjørlo

4  
5 For å nå Norge sine klimamål om å redusere utsleppa med minst 50% innan 2030 trengst det  
6 rask handling slik at prosjekt som bidreg til reduserte utslepp kan kome i gong. Då er  
7 samstundes naudsynt med ei rask endring av retningslinjene for tildeling av nettilkopling og  
8 kapasitet.

9 Gå vekk frå «Fyrstemann til mølla»-prinsippet for tildeling av kraft

10 Prosjekt som reduserer utslepp og bidreg til å nå klimamåla må prioriterast

11 Prosjekt med samlokalisering av industri og kraftproduksjon må prioriterast

12 Sikre at nye prosjekt får tildelt kraft og plass i nettet basert på samfunnsøkonomiske og  
13 miljømessige nyttevurderingar.

14 Det er eit stort behov for å auke produksjon av fornybar energi i Noreg, samstundes  
15 kommunane skal ha avgjerande makt i vedtak om utbyggingar av vassdrag og vindkraft. Då  
16 treng ein auka positivitet til å sette av areal til kraftproduksjon. Skal ein få lokalsamfunna til  
17 å stille natur til disposisjon for kraftutbygging må ein sikre at dei for meir att av lokal  
18 verdiskaping og aktivitet.

19  
20  
21  
22  
23  
24  
25  
26  
27  
28  
29  
30  
31  
32  
33  
34  
35  
36  
37  
38  
39  
40  
41  
42  
43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50

## 1 **7. Moderne lærebøker for moderne tider**

2 Forslag til fråsegn frå Sogndal Venstre

3

4 Lærarane er dei som har best kunnskap om elevane sine behov. Likevel kan ikkje lærarane  
5 sjølve velje kva for læremiddel dei skal bruke. Kommunane og skulen har ofte brukt pengane  
6 på digitale læremiddel og ipad, og bruker dei pengane som er att på bøker i nokre fag. Nesten  
7 alle elevar i grunnskulen har i dag tilgong til PC/Mac/Ipapad. Ein ipad kostar om lag 2000 kr,  
8 medan norske skular kjøper bøker for berre 550 kr per elev i året (tal frå Klassekampen.)

9

10 Digitaliseringa dreg med seg utgifter til fornying av lisensar kvart år, opplæring av tilsette,  
11 sikring av personvern og universell utforming mm. Salderingsposten i dette reknestykket er  
12 trykte bøker. Etter den nye læreplanen kom i 2020, har berre 2 av 10 kommunar kjøpt inn nye  
13 læremiddel i alle fag (tal frå Udir, vår 2023).

14

15 Sidan skulen manglar lærebøker i fleire fag, må lærarane leite fram stoff frå ulike kjelder og  
16 kopiere opp. Dette er blitt ein stor ekstrajobb for lærarane. For ein lærar i vidaregåande er det  
17 rart å sjå kontrasten; her har elevane papirbøker i alle fag og digitale hjelpemiddel som  
18 supplement. For dei elevane som treng det mest, kan læraren gje dei oppgåver i papirboka og  
19 følgje kapittelstrukturen der. I grunnskulen er det annleis: Ungane kjem heim med sekken full  
20 av lausark og henvisningar til lekser i Teams. Både foreldre og born brukar tid på å finne fram  
21 og mistar oversikt over kor dei er i pensum, kva dei har lært, kva dei bør repetere eller kva dei  
22 skal lære neste veke. Det skapar også eit skilje: Foreldre med låg digital kompetanse kan i  
23 mindre grad hjelpe sine ungar med heimearbeidet. Slik sett verkar ikkje digitaliseringa sosialt  
24 utjamnande.

25

26 Distraksjonane er mange når elevane skal bruke PC-en til å gjere skulearbeid. Dei kan ha  
27 mange faner opne og skifte fokus mellom dei, og det kan vere vanskeleg å halde fokus på  
28 læring når det skjer så mykje anna på skjermen. Ein effekt av skjermbruken er at elevane i dag  
29 har svakare evne til å konsentrere seg om ei oppgåve over tid, dette set dei dårlegare i stand til  
30 å takle faglege utfordringar.

31

32 Elevane treng også hjelp til å strukturere stoffet. I ei lærebok er stoffet ordna av  
33 fagbokforfattarar, slik at lærestoffet kjem i naturleg rekkefølge og med ei oppbygning som  
34 gjer elevane i stand til å byggje stein på stein og etter kvart sette ting i samanheng. Den nye  
35 læreplanen set store krav til at elevane skal jobbe utforskande. Elevane blir ikkje sett i stand  
36 til å oppfylle desse krava når dei ikkje først får på plass «grunnmuren» i faget. Det er særleg  
37 bekymringsverdig at det er elevane i grunnskulen som blir mest ramma av mangelen på  
38 oversiktlege, trykte læremiddel. Det er desse elevane som i størst grad treng å få på plass ein  
39 struktur i læringsprosessen.

40

41 Kven har styrt denne utviklinga? Det er ikkje lærarane som har bestemt at landet skal skifte ut  
42 lærebøker med PC. Tvert imot har kritiske røyster i skulen måtte tole å bli kalla bakstreverske  
43 og gamaldagse. Dette er eit skifte som har blitt gjort ovanfrå og ned, med god hjelp frå store  
44 teknologiselskap. No har Sverige snudd og lansert den største satsinga på lærebøker i  
45 moderne tid. Det er på tide at Noreg kjem etter.

46

47 Venstre vil:

- 48 • flytte makt nedover i systemet, til lærarane som har kompetansen og kjenner faget og  
49 elevane best.

1  
2  
3  
4  
5  
6  
7  
8  
9  
10  
11  
12  
13  
14  
15  
16  
17  
18  
19  
20  
21  
22  
23  
24  
25  
26  
27  
28  
29  
30  
31  
32  
33  
34  
35  
36  
37  
38  
39  
40  
41  
42  
43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50

- at alle lærarane skal kunne velje når elevane skal bruke trykte læremiddel og når dei skal bruke digitale læremiddel. Då må alle ha tilgong på trykte læremiddel i alle fag.
- ei stor, nasjonal finansiert, satsing på trykte læremiddel.

## 1 **8. Betre tilskotsordningar til eigenorganisert aktivitet**

2 Forslag til fråsegn frå Sogndal Venstre

3

4 I ei tid med auka levekostnader og bruk av digitale plattformer til sosialisering, fell fleire born  
5 og unge frå den organiserte idretten, og sosial ulikskap blir tydeleg i aktivitetstilboda.

6 Dei unge søker etter nye arenaar for aktivitet og sosialisering - ein arena som skapar eit sosialt  
7 fellesskap for heile samfunnet, og gjev leik og eigentenkning utan planlegging eller regi frå  
8 vaksne.

9 Denne typen aktivitetar ser me meir av i dag (til dømes sykkelanlegg, frisbeegolf, og  
10 skateparkar), men ikkje alle naudsynpte prosjekt blir realisert på grunn av utfordringar med  
11 finansiering.

12 Dagens tilskot frå spelemiddelordninga er for små til å kunne utvikla berekraftige anlegg  
13 innan uorganisert aktivitet. I tillegg er det utfordrande å definere anlegget som anten  
14 nærmiljøanlegg eller ordinært anlegg, på grunn av store variasjonar i aktivitetens omfang.

15 Lag og organisasjonar endar opp med å leggje prosjektet på is, eller bygge eit mindre anlegg  
16 enn det som er naudsynt.

17

18 Venstre vil:

- 19 • endre spelemiddelordninga slik at den blir enklare og faktisk kan bidra med nødvendig  
20 støtte til anlegg som har som formål å skapa leik og eigenorganisert aktivitet som  
21 alternativ til kostbare og arealkrevjande aktivitetsformer.
- 22 • at alle skal kunne driva med aktivitetar uavhengig av økonomiske, kulturelle og  
23 etniske skilje.
- 24 • sikra mangfald i kultur og idrett ved å leggje betre til rette for eigenorganiserte  
25 aktivitetar som styrkjer meistring, samhald og inkludering blant born og unge.
- 26 • arbeide for fleire uorganiserte aktivitetar og møteplassar som supplerer dei organiserte  
27 tilboda.

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

44

45

46

47

48

49

50

## 1 **9. Eit løft for kulturlivet**

2 Forslag til fråsegn frå Sogndal Venstre

3

4 Tross stor motstand frå kulturlivet endra den dåverande raudgrøne regjeringa i 2011, med  
5 støtte frå Høgre og Frp, fordelingsnøkkelen på spelemidlane. Kulturen sin del av tippemidlane  
6 vart redusert frå 36,5% til 18%, mens idretten sin del av tippemidlane vart auka frå 46,5 til  
7 64%. Under handsaming av regelendringa lovde fleirtalspartia at kulturlivets tap av  
8 spelemidlar skulle kompenseras gjennom statsbudsjettet. Dette skjedde ikkje, og  
9 konsekvensen ser vi gjennom aukande utarming av både det profesjonelle og frivillige  
10 kulturlivet. Resultatet er aukande skeivfordeling mellom frivillig kulturliv og idretten og  
11 mellom nasjonale kulturinstitusjonar i Oslo og Bergen.

12

13 Vi treng kulturinstitusjonar som fungerer som sterke motorar i kulturlivet uavhengig av kor  
14 ein bur i landet. På same er det naudsynt å auke statlege tilskot til dei organisasjonseigde  
15 kulturhusa.

16

17 Berre i Vestland fylke har vi over 800 hundre små og store organisasjonseigde kulturhus. I dag  
18 disponerer Vestland fylke om lag seks millionar kroner til utbetring av desse husa, men det er  
19 naudsynt med minst 300 millionar kroner for at desse husa skal møte dagens standard. I  
20 motsetnad til idrettsanlegg får heller ikkje organisasjonseigde kulturhus kompensert  
21 meirverdiavgift ved nybygg og vedlikehald. Det er ingen grunn til at desse husa ikkje skal få  
22 same momskompensasjon.

23

24 I tillegg har Noreg forplikta seg som del av verdsarvstatusen til å etablere verdsarvssentre. I  
25 Vestland har vi tre område eller kulturmiljø på verdsarvlista til UNESCO. Desse er rekna som  
26 det fremste vi har i Noreg når det gjeld kultur- og naturminne og må få økonomiske støtte som  
27 står i stil med verdiane dei representerer.

28

29 I tider med økonomisk dyrtid der menneske stadig fell utanfor, er det viktigare enn nokon  
30 gong at kulturinstitusjonane vert sikra rammevilkår som gjer at dei kan inkludere alle –  
31 uavhengig av personleg økonomi og sosial status.

32

33 Det er difor på tide med ei kraftig økonomisk opptrapping for å bøte på den manglande  
34 oppfølginga av vedtaket som vart gjort i 2011.

35

36 Venstre vil:

- 37 • ha økonomisk likehandsaming i statsbudsjettet av dei store kulturinstitusjonane.
- 38 • arbeide for eit kraftig løft i statlege tilskot til kulturhus drifta av frivilligheita.
- 39 • at likehandsaming av momskompensasjon mellom idrettsanlegg organisasjonseigde  
40 kulturhus må på plass snarast mogleg.
- 41 • sikre fullfinansiering av verdsarvsentra og at dei får naudsynte rammevilkår for å  
42 formidle og løfte verdsarvstatusen.

43

44

45

46

47

48

49

50

1 **10. Nasjonalt forbod mot sal av fyrverkeri til private.**

2 Fråsegn frå Askøy og Øygarden Venstre

3

4 Nyårsaftan og dagane før vart som i fjor og åra før. Det er berre å nemne augeskadar,  
5 høreskadar, forbrenningar, materielle skadar som brannar og anna på hus og eigedom,  
6 terrorliknande åtferd med skyting på folk til og med frå køyrety og miljøgifter blir liggende i  
7 naturen. Avfyringa av eksplosiver, som det definitivt er, skjer til vilkårlege tider desse døgn  
8 og dyr skremte til panikk eller traumatiserande konsekvensar er del av bilete.

9

10 Helsevesen, brannvesen og politi kan like eller mislike rakettoppskytinga, det må politiske  
11 vedtak til for å endre situasjonen. Nasjonalt forbod mot sal av fyrverkeri til private er det som  
12 må til, og kost-nyttetilhøvet er opplagt. Eit forbod som nemnt her vil framleis kunne gje  
13 åpning for organiserte oppskytingar i regi av kommunar, velforeingar eller andre etter søknad.  
14 Det vil vere til stor hjelp for mange å vite kvar oppskyting skal skje og ikkje minst at dette  
15 skjer i minutta kring midnatt og berre da.

16

17 Vestland Venstre ynskjer nasjonalt forbod mot sal av fyrverkeri til private.

18

19

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

44

45

46

47

48

49

50

## 1 **11. Israels overgrep mot Palestina må stanses nå!**

2 Forslagsstillere: Ullensvang Venstre, Bjørnafjorden Venstre, Aurland Venstre, Kvam Venstre,  
3 Bergen Venstre

4  
5 Etter mer enn 100 dager med israelske angrep er den humanitære situasjonen på Gazastripen  
6 katastrofal.

7  
8 Over 25 000 mennesker er drept i Gaza de siste fire månedene, blant dem over 10 000 barn.  
9 Mer enn 1,7 millioner mennesker er fordrevet fra sine hjem og presset sammen på et svært lite  
10 område sør på Gazastripen. Sivile mål som sykehus, skoler, flyktningleirer og boligblokker  
11 har systematisk blitt bombet, med store sivile tap og gruslegging av store deler av Gaza som  
12 konsekvens. Det finnes ingen steder som er trygge i Gaza. Med stengte grenseoverganger  
13 finnes det heller ingen steder befolkningen kan flykte.

14 På tross av internasjonalt press om å følge krigens regler og beskytte sivilbefolkningen,  
15 fortsetter israelske myndigheter sin militære aktivitet med en voldsom brutalitet. Den  
16 humanitære situasjonen er nå svært prekær, og befolkningen blir bevisst forhindret tilgang på  
17 vann, mat, medisiner og sanitære fasiliteter. Få sykehus er operative, og de som fremdeles er i  
18 funksjon er ikke i stand til å tilby helsehjelp til det store antallet pasienter som trenger hjelp.

19  
20 Sikkerhetsrådet vedtok før jul at Israel må sikre at nødhjelp kommer uhindret frem til  
21 sivilbefolkningen, men det er i liten grad fulgt opp, og kun en brøkdelen av den nødvendige  
22 nødhjelpen kommer inn til Gaza. Norge har sammen med store flertall i FNs  
23 generalforsamling stemt for en humanitær våpenhvile, men israelske myndigheter har verken  
24 vist evne eller vilje til å stanse den humanitære katastrofen de har skapt. Den Internasjonale  
25 Domstolen i Haag åpnet 26. januar etterforskning av Israel for folkemord, etter anklage fra Sør-  
26 Afrika.

27  
28 Vestland Venstre mener brutaliteten i Israels krigføring i Gaza har beveget seg langt utenfor  
29 det som er proporsjonalt eller legitimt. Derfor trengs det en fullstendig stopp av krigen  
30 mellom alle parter. Tap av liv er den største tragedien i krig, all form for overgrep, tap av liv  
31 eller å drive mennesker på flukt må stoppes umiddelbart. Alle har rett til å leve trygt med like  
32 rettigheter, uten å mene at noen grupper har mer rett enn andre. Dette er en plikt vi voksne må  
33 gi til våre barn i fremtiden.

34  
35 Israel ble utsatt for et horribelt angrep fra Hamas og andre militante grupper den 7. oktober,  
36 som med rette ble fordømt på det sterkeste, både av norske og internasjonale myndigheter.  
37 Terrorangrepet og gisseltakingen er klare brudd på folkeretten.

38  
39 Men én grusomhet mot uskyldige sivile kan aldri forsvare en ny grusomhet mot nye  
40 uskyldige. Israel har svart på terror med ny terror i ufattelig mye større omfang. Israel har nå  
41 drept ufattelige 300 ganger flere palestinske barn enn det antall israelske barn som ble drept 7.  
42 oktober, ett av hundre barn som finnes på Gaza er drept. De ekstreme lidelser som påføres det  
43 palestinske folk må ta slutt. Vestland Venstre mener derfor at både Norge og det internasjonale  
44 samfunn må bruke all sin innflytelse til å kreve en varig våpenhvile, få gislene frigitt og få  
45 partene inn i et forhandlingsspor.

46  
47 Vestland Venstre mener at:

- 48  
49
  - Norge skal innføre økonomiske sanksjoner mot Israel, primært sammen med andre  
50 land, om nødvendig alene. Sanksjonene må fortsette så lenge Israel viderefører en

1 folkerettsstridig krigføring og fortsetter sin utvidelse av bosettinger. Sanksjonene må  
2 fortsette så lenge Israel ikke arbeider for en tostatsløsning eller annen varig løsning på  
3 konflikten, som også ivaretar palestinske rettigheter og interesser.  
4

- 5 • Norge skal lovfeste et forbud mot handel med varer og tjenester produsert på ulovlig  
6 okkupert land og fra selskaper som medvirker til brudd på folkeretten og  
7 menneskerettigheter i ulovlig okkuperte områder  
8
- 9 • Regjeringen må endre adferdskriteriet for observasjon og utelukkelse av selskaper for  
10 å sikre at Statens pensjonsfond utland trekker sine investeringer ut av selskaper knyttet  
11 til ulovlig okkupasjon og andre folkerettsbrudd.  
12
- 13 • Det må bli totalforbud mot kjøp av våpen og militært utstyr fra Israel, også for  
14 kontrakter under 50 millioner kroner (dagens regelverk).  
15
- 16 • Norge skal innføre individuelle sanksjoner mot israelske enkeltpersoner og  
17 institusjoner som står bak grove menneskerettighetsbrudd. Det kan gjøres ved for  
18 eksempel visumnekt, innmelding til ICC eller frys av eiendeler.  
19
- 20 • Norge bør støtte Sør-Afrikas anklage mot Israel i Den internasjonale domstolen.  
21
- 22 • Norge må holde fast ved, og øke støtten til FNs hjelpeorganisasjon for Palestina  
23 UNRWA.  
24
- 25 • Regjeringen tar initiativ til at Israel blir listeført i årsrapporten til FNs generalsekretær  
26 om «Children And Armed Conflict».  
27
- 28 • Norge skal ta en ta en ledende rolle i det internasjonale arbeidet for å identifisere,  
29 etterforske og straffeforfølge krigsforbrytelser på Gazastripen, Vestbredden og i Israel,  
30 og stille med ressurser til Den internasjonale straffedomstolen og frivillige  
31 organisasjoner som bidrar til dokumentasjon av krigsforbrytelser.  
32
- 33 • Norge må være beredt til å bistå med tilstrekkelig bistand og ressurser når Gaza skal  
34 gjenoppbygges  
35
- 36 • Regjeringen skal åpne for at personer i Norge kan søke om familiegjenforening fra  
37 Norge på vegne av et familiemedlem som oppholder seg i Palestina  
38
- 39 • Norge må arbeide aktivt for at Israels ulovlige okkupasjon av palestinsk territorium  
40 opphører.  
41  
42  
43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50



## 1 **12. Stans naturtapet**

2 Forslagsstillere: Bergen Venstre, Voss Venstre, Ullensvang Venstre, Øygarden Venstre, Kvam  
3 Venstre, Kommunestyregruppen i Alver Venstre

4  
5 Hvert år mister Norge naturområder tilsvarende størrelsen av 6.920 fotballbaner. Omregnet  
6 blir det 79 kvadratmeter i minuttet. Bit for bit forsvinner Norges verdifulle natur. Vestland  
7 Venstre mener at tiden er inne for å sette ned foten og sette en stopper for naturtapet.

8  
9 Den største trusselen mot norsk natur er oss mennesker. Vi bygger ned og ødelegger naturen,  
10 som igjen reduserer leveområder for dyr, planter og sopp. Av de 2752 truede artene på den  
11 norske rødlista påvirkes hele 90% av tapet av leveområder forårsaket av menneskelig  
12 aktivitet. Rundt halvparten av disse artene, som hovedsakelig finnes i skog, står i fare på  
13 grunn av flatehogst. Vestland Venstre mener derfor at vi må verne mer skog, og gi verdifulle  
14 skoger et særskilt vern.

15  
16 Naturkrisen og klimakrisen er nært sammenvevd, da tapet av natur forverrer klimakrisen, og  
17 klimaendringene intensiverer naturtapet. Tapet av verdifulle økosystemer og CO2-  
18 absorberende trær øker for eksempel klimagassutslippene. I norske skoger, hvor karbon  
19 hovedsakelig bindes i jordsmonnet, kan flatehogst føre til lekkasje av karbon i atmosfæren.  
20 Klimaendringer påvirker også dyrearter ved å endre deres naturlige leveområder, resulterende  
21 i tap av biologisk mangfold.

22  
23 I desember 2022 signerte Norge den såkalte Montreal-avtalen. En ny multilateral avtale for  
24 mennesker og natur, der målet er å stoppe tap av natur og samtidig gi oss mer av den. Avtalen  
25 forplikter landene til å bevare 30 prosent av hav- og landområder, gjenopprette 30 prosent av  
26 skadet natur og hindre utryddelse av arter.

27  
28 Taper naturen, taper menneskene i det lengre løp. Vi kan ikke fortsette å ofre naturen på  
29 vinningens alter. Nå må Norge vise vei og komme på banen med handlekraftige tiltak for å  
30 redde naturen rundt oss.

31  
32 Vestland Venstre:

- 33 • Ønsker et nasjonalt forbud mot nedbygging av myr.
- 34 • Ønsker at verdifulle skoger, som gammelskog, skal få et eget vern.
- 35 • Ønsker et sterkere juridisk vern av vanlig natur, og at flere naturområder vernes.
- 36 • Vil at staten innfører en nasjonal arealavgift.
- 37 • Vil at staten i enda større grad premierer kommuner som gjennomfører planvask. Det  
38 vil si kommuner som gjennomgår eldre arealplaner for å ta hensyn til klima og natur.
- 39 • Vil at staten setter krav om areal- og naturregnskap i alle kommuner, der ulike  
40 naturverdier er tydelig kartlagt.
- 41 • Vil at kartlegging av natur skal gjøres av uavhengige fagpersoner.
- 42 • Vil gi klima og natur større vekt i lønnsomhetsanalyser av samferdselsprosjekt.
- 43 • Vil stanse byggingen av nye hyttefelt i fjellet.
- 44 • Vil innføre arealnøytralitet som prinsipp i alle kommuner med stort byggepress.
- 45 • Vil bedre insentivene for å gjenbruke tomter og allerede bebygde areal.
- 46 • Vil etablere betydelige maritime verneområder for å gjenopprette skadet miljø og  
47 bevare utryddingstruede arter i havet.

1  
2  
3  
4  
5  
6  
7  
8  
9  
10  
11  
12  
13  
14  
15  
16  
17  
18  
19  
20  
21  
22  
23  
24  
25  
26  
27  
28  
29  
30  
31  
32  
33  
34  
35  
36  
37  
38  
39  
40  
41  
42  
43  
44  
45  
46  
47  
48  
49  
50

- Vil bruke kunstig intelligens til å overvåke nedbygging av natur i hele landet, og bruke trafikklys på alle kommuner og fylkeskommuner, samt nasjonalt, på graden av nedbygging, tilbakeføring, og takten i utviklingen.

### 1 **13. Rus og psykiatri må ut av foretaksmodellen**

2 Forslag fra Gard Aasmund Skulstad Johanson, Gunn-Vivian Eide, Ingrid Nergaard Fjeldstad,  
3 Grete Line Simonsen og Geir Kjell Andersland

4  
5 I flere tiår har mantraet på Stortinget vært å styrke behandlingstilbudet for pasienter med  
6 ruslidelser og/eller psykisk sykdom. I like mange år har det motsatte skjedd. Særlig har  
7 tilbudet om døgnbehandling blitt bygget ned, med 2023 som foreløpig bunnnotering.  
8 Nedleggelsen av posten for personer alvorlige ruslidelser kombinert med alvorlig psykisk  
9 sykdom, ROP-posten på Dr. Martens, – etter kun 11 måneders drift - er en tragedie som  
10 rammer en av de mest sårbare pasientgruppene. Vedtaket om å legge ned Tronvik nå i 2024  
11 fremstår også som en alvorlig svekkelse av behandlingstilbudet. Vestland Venstre mener at det  
12 er på tide med endring når vi ser at foretaksmodellen i helsevesenet svikter de mest utsatte  
13 pasientene gang på gang.

14  
15 Med foretaksmodellen har politikerne mistet styringen over helsepolitikken, samtidig som  
16 flere helseministre ser ut til å trives med å kunne skylde på helseforetakene når upopulære  
17 tiltak gjennomføres. Dette rammer særlig tilbudet for pasienter innen psykisk helsevern og  
18 behandlingstilbudet for rusavhengige pasienter. Mens flere og flere nå heldigvis våger å  
19 snakke høyt om rus og psykisk sykdom, opplever mange å ikke få hjelp når de endelig ber om  
20 det.

21 Døgnplasser for voksne i psykisk helsevern har i løpet av de siste 30 årene blitt redusert fra  
22 2,4 per 1000 innbygger i 1990 til 0,8 i 2021. Noe av dette har riktignok vært faglig begrunnet  
23 som ledd i at mer av behandlingen gis poliklinisk. Likevel har Stortinget flere ganger vedtatt  
24 at nedbyggingen skal stanse, noe også sittende helseminister har uttalt.

25  
26 ROP-posten i Helse Bergen ble opprettet etter en erkjennelse av at helseforetaket ikke har gitt  
